



## Fylkesmannen i Hordaland

Sakshandsamar, telefon  
Svein Kornerud, 5557 2027

Vår dato  
13.06.2017  
Dykkar dato

Vår referanse  
2014/6530 421.3  
Dykkar referanse

Eid fjord kommune  
Simadalsvegen 1  
5783 Eid fjord

### Kommunedelplan Sysendalen Eid fjord kommune og reguleringsplan for Eid fjord Resort

Vi viser til prosessane for kommunedelplanen for Sysendalen og for reguleringsplanen for Eid fjord Resort, og til ein del telefonsamtalar med oppmoding om meklingsmøte.

#### Kommunedelplan Sysendalen

Det er motsegn frå Fylkesmannen i Hordaland og motsegnspunkt frå Statens vegvesen til kommunedelplanen. Motsegnene er skildra i brev av 28.04.2016 frå Fylkesmannen i Hordaland og i brev av 11.02.2016 og 21.06.2016 frå Statens vegvesen.

Statens vegvesen har motsegn til følgjande:

- Trafikkgrunnlaget planframleggget baserer seg på er ikkje rett.
- Vegstandard, tilrettelegging for mjuke trafikantar, forholda for kollektivtransport m.m er knytt opp mot mengde trafikk.
- Byggegrense langs Rv. 7.
- Rekkefølgjeføresegner og utbyggingsavtaler.
- Manglar i plankartet.

Fylkesmannen i Hordaland har motsegn til følgjande:

- Manglar og motstrid i konsekvensutgreiinga. Det gjer planskildringa med ROS-analysen mangelfull både i vurderinga av verdiar i områda og for eventuelle avbøtande tiltak. Vi peika m.a. på at planen omtala noko som «avbøtande tiltak» som vi ikkje kunne sjå kva var det. Det var berre lovfeste krav.
  - Fylkesmannen seier i brev av 28.04.2016 om konsekvensutgreiinga m.a. at:  
*«Fylkesmannen er kritisk til denne vurderinga, og meiner KU-en underkommuniserer at det ålmenne friluftslivet vert skadelidande. Viktige friluftsområde vert bygde ned og går tapt.»*
  - Vidare seier Fylkesmannen i same brev at:  
*«Vi festar ikkje lit til KU-en som samla sett vurderer at ny alpindestinasjon får middels negative konsekvensar for miljøet.»*
- Planforslaget er i strid med friluftsverdiar og fleire naturmangfald som m.a. våtmarksområde med sær høge miljø- og landskapsverdiar og område for villrein. Særskilt har vi framheva som motsegn at planen er i strid med føresetnadene for plan for Hardangervidda, vedteken i tre fylkesting. Fylkesmannen finn at planen er i vesentleg strid med nasjonale interesser for villrein, landskap, friluftsliv og naturmangfald.

- Vi minner om at motsegna om naturmangfald og friluftsliv gjeld utover grensa for villrein og planen for Hardangervidda.
- Planforslaget har ikkje vurdert avbøtande tiltak for at ROS-analysen viser uakseptabel risiko for hendingar for trafikkbelasting på eksisterande veg, jf. motsegna frå Statens vegvesen.

Vi viser elles til innhaldet i breva våre av 28.04.2016 og 05.10.2016. Motsegna gjeld fullt ut slik som dei er fremma. Vi finn altså grunn til å minne om motsegnene.

Det var dialogmøte mellom Eidfjord kommune, Hordaland fylkeskommune og Fylkesmannen i Hordaland den 13.04.2016. Fylkesmannen fremma eit tidleg dialogmøte av omsyn til raskast mogleg framdrift i saka. Fylkesmannen fremma der motsegn mot planforslaget samstundes som kommunen ville justere planen. Vi hadde motsegn til forhold som også Statens vegvesen hadde merknader til. Vi rådde derfor kommunen til ta kontakt med vegvesenet om det.

Det var vidare eit formøte til eventuell mekling om motsegna den 22.09.2016 mellom Eidfjord kommune, Hordaland fylkeskommune, Statens vegvesen og Fylkesmannen i Hordaland. Vi skriv i brevet vårt av 05.10.2016 med referat frå møtet:

*«I utgangspunktet meiner kommunen at ein har handsama dei innspela som har kome korrekt, men ser at prosessen har gått raskt og at det m.a. har skjedd endringar i plankart under vegs, utan at det har vore kommunisert formelt til høyringsspartane.*

*Kommunen ser også at planskildringa har manglar og burde vore oppdatert og kan vurdere å gjere dette.»*

På møtet var det semje om at «*planen må arbeidast noko meir med og at kommunen vil handsame den i kommunestyret på nytt, før den eventuelt går til KMD for endeleg avgjerd.*»

Det skulle vere ein direkte prosess mellom kommunen og vegvesenet for å avklare deira motsegnar. Vidare måtte kommunen vurdere og eventuelt korrigere kvaliteten på plankarta. Etter at kommunen hadde arbeidd vidare med planen og oppdatert planskildringa samt avklart med Statens vegvesenet motsegna deira, skulle kommunen sende den reviderte planen til ny vurdering hos Fylkesmannen.

Fylkesmannen i Hordaland har til no ikkje mottatt revidert planforslag som kan handsamast av oss. Vi minner om at planforslaget må innehalde dei nødvendige vurderingane frå kommunen samt at kommunen sjølvsgåt må ha vurdert kor langt kommunen kan komme i møte motsegna frå både Statens vegvesen og Fylkesmannen i Hordaland.

#### Status for kommunedelplan Sysendalen

Som nemnt ovanfor har Fylkesmannen i Hordaland ikkje mottatt nye plandokument som vi kan ta stilling til. Slik vi opplever at Eidfjord kommune forstår saka etter den kontakt vi har hatt med kommunen i det siste, må vi vise til følgjande:

Fylkesmannen i Hordaland treng å få avklart om det står att noko av motsegna frå Statens vegvesen og i så fall kva som står att. I brev av 15.03.2017 skreiv kommunen at ein «*meiner no grunnlaget for motsegn frå SVV fell bort*». Kommunen meinte då at saka var klar til å bli sendt til departementet. Vi har gjort merksam på at det i så fall må bli skriftleg stadfesta av Statens vegvesen at dei ikkje lenger har motsegn til planen. Kommunen har på eit seinare tidspunkt sendt oss utdrag av kontakten med vegvesenet som ikkje syner at grunnlaget for motsegna frå Statens vegvesen er borte, samt at det lenge etter den 15.03.2017 har vore kontakt mellom kommunen og vegvesenet om endringar i planen. Til og med i første del av mai i år sende kommunen nye og endra plandokument til Statens vegvesen som ein del av avklaringane om motsegna.

Vi har i den seinare tid over telefonen bedt Statens vegvesen om å gi oss skriftleg og direkte melding om det står att noko av motsegna og eventuelt kva det er. Vi gjer også uttrykkeleg merksam på at Eidfjord kommune må innarbeide i plandokumenta det som blir resultatet av kontakten med vegvesenet.

Fylkesmannen har heller ikkje mottatt plandokument som vi kan ta stilling til. Det gjeld både for å vurdere motsegna frå Statens vegvesen og vurdere korleis kommunen har følgt opp motsegna vår. Eidfjord kommune skreiv som nemnt i brev av 15.03.2017 at saka var klår for å bli sendt til departementet. Vi har mottatt plandokumenta så mange gonger over tid, både før og etter brevet av 15.03.2017, at vi ikkje kan sjå kva som er dei endelige plandokumenta. Plankarta har vi mottatt fleire gonger, utan at vi kan sjå kva som måtte vere ein endelig versjon. For føresegna gjeld det same. Planskildringa, som skulle oppdaterast, har vi mottatt fem gonger. Den er på over 70 sider utan det er oppgitt kva som er den endelige, og kva som måtte vere endra. Vi kan ikkje studere alle desse utgåvene for å sjå kva vi skal legge til grunn som den endelige. Den siste versjonen av planskildringa som vi har mottatt i første halvdel av mai, og som kommunen då seier er den oppdaterte versjonen, ser ut som ein uferdig kladd og utan sidenummerering.

Fylkesmannen i Hordaland treng å få framlagt dei reviderte, daterte og endelige, heilskaplege plandokumenta for kommunedelplanen der resultatet av prosessane er innarbeidd. Det er berre på det grunnlaget vi kan vurdere og ta stilling til saka vidare. Vi treng dei endelige og heilskaplege plandokumenta for å kunne sjå om det står att noko av motsegna frå Statens vegvesen. Vi må eventuelt kunne vurdere om Fylkesmannen skal avskjere det som måtte stå att som motsegn frå Statens vegvesen.

Vi må også sjå korleis planen no tek vare på nasjonale og regionale omsyn, korleis kommunen har vurdert og handsama motsegna frå Fylkesmannen i Hordaland. Vi må vurdere om våre eigne motsegner framleis må gjerast gjeldande eller kan trekkast. Det er vidare nødvendig å få tilsendt desse dokumenta for enten ei mekling eller å sende saka til departementet. Kommunen må sørge for at plandokumenta er gjort ferdige, og ikkje er eller synast å vere ein uferdig kladd. Vi kan heller ikkje sende vidare til departementet plankart og plandokument som vi ikkje er trygge på at er dei endelige og ferdiggjorte.

Vi finn det nødvendig å minne om plan- og bygningslova § 11-14 andre ledd:

*«Av saksframleggset skal det framgå hvordan virkningene av planen og innkomne uttalelser til planforslaget har vært vurdert, og hvilken betydning disse er tillagt ved vedtaket. Det skal også framgå hvordan planen ivaretar nasjonale og regionale hensyn.»* (Vår understrekning.)

Vi minner også om plan- og bygningslova § 11-15 første ledd:

*«Kommunestyret selv vedtar kommuneplanen. Dersom kommunestyret vil treffen vedtak om kommuneplanens arealdel som medfører en bruk av arealer som ikke har vært gjenstand for høring under planbehandlingen, må de deler av planen som ønskes endret, tas opp til ny behandling.»* (Vår understrekning.)

Vurderingane etter plan- og bygningslova § 11-14 må gå fram av planskildringa. Det er eit lovkrav som vi ikkje kan sjå at planforslaget oppfyller. Kommunen må sjå til at det er ivaretatt. Vidare er sakshandsamingsreglane i plan- og bygningslova § 11-15 viktig her. Det må gå fram at kommunen har vurdert og følgt dette.

Vi ber Eidfjord kommune om følgjande for kommunedelplan Sysendalen:

- Kommunen må sende til Fylkesmannen i Hordaland dei oppdaterte, ferdiggjorte og endelige plandokumenta, plankart, føresegner og planskildring, samt eventuelt anna materiale som hører til planen. Vi ber om å få sendt til oss eit eksemplar av plankartet i papirutgåve i tillegg til elektronisk utgåve.
  - Dei plandokumenta som kommunen sender, må vere oppdaterte og daterte og vise korleis kommunen har tatt omsyn til motsegna frå Fylkesmannen og Statens vegvesen, eventuelt korleis kommunen har vurdert motsegna. Dokumenta må naturleg nok vere oppdaterte etter det kommunen har følgt opp av motsegna, m.a. etter den siste kontakten med Statens vegvesen.
- Kommunen må seie klårt i frå om kva som er endra i plandokumenta og vise kor vi finn det. Kommunen som har endra dokumenta, må kunne seie ifrå kva ein har gjort. Det skal ikkje vere opp til andre å leite seg igjennom materialet som no har vorte nokså omfangsrikt.
- Dei same oppdaterte, ferdiggjorte og endelige plandokumenta må også sendast til Statens vegvesen som har motsegn til planen.
  - Det kan være ein føresetnad for at vegvesenet kan gi ei endelig tilbakemelding på motsegna. Vegvesenet må i alle tilfelle vere trygge på at dei har dei endelige plandokumenta som grunnlag for sin uttale, eventuelt at Statens vegvesen kan ta stilling til at dokumenta er i samsvar med den løysinga som partane er kome fram til.
- Kommunen må også vurdere om det er andre instansar som treng eller bør få tilsendt dei endelige og oppdaterte plandokumenta, t.d. Hordaland fylkeskommune.
- Kommunen må opplyse kva som er endra i kommunedelplanen etter at den var til høyring, og kommunen må ta stilling til om kommunedelplanen må på ny høyring.
  - Vi minner om kravet i plan- og bygningslova § 11-15 om at dersom kommunen gjer endringar i arealbruken eller føresegner for denne og som ikkje har vore på høyring, må kommunen ta endringane opp til ny handsaming.
- Kommunen må sende til Fylkesmannen i Hordaland dei vedlegga til brev av 15.03.2017 frå kommunen som framleis er relevante. Vi fekk berre oversendt plankart. M.a. har vi ikkje mottatt utskrift av korleis kommunestyret i kommunen har handsama saka.
  - Vi har ikkje mottatt alle vedlegga til brevet. Det har til no ikkje hatt noko verknad, då vi ikkje har fått stadfesta at prosessen med vegvesenet er avslutta. Vi går også ut frå at dokumenta er endra seinare, då prosessen ikkje synast å ha vore ferdig i kommunen. Men no er det trond for dei dokumenta som framleis har relevans.
- Vi ber om at kommunen opplyser kva som er endra i plandokumenta etter at kommunestyret hadde saka til handsaming, samt at kommunen må vurdere om kommunedelplanen må hand-samast på nytt i kommunestyret. Vi kjenner ikkje til innhaldet i tidlegare politisk handsaming av planen i kommunen. Dersom kommunen meiner at saka no skal sendast til departementet, må kommunen sjå til at kommunestyret har tatt stilling til kommunedelplanen slik den no ligg føre etter oppdateringane og endringane.
  - Eidfjord kommune må ta stilling til at det er dette planforslaget kommunen ønskjer, men kan ikkje vedta dei delane av planen som det er motsegn til. Vi minner om at nokre av motsegnene ikkje synast å vere geografisk avgrensa.

### Reguleringsplan Eidfjord Resort.

Det er motsegn frå Statens vegvesen og Fylkesmannen i Hordaland også til reguleringsplanen. Motsegna er til dels samanfallande med motsegna til kommunedelplanen og elles også knytt til kommunedelplanen. Det er også sjølvstendige motsegnspunkt til reguleringsplanen.

Fylkesmannen uttalte i brev av 20.04.2017 som motsegn til reguleringsplanen og med visning til kommunedelplanen følgjande:

*«Eitt av motsegnspunkta til kommunedelplanen var at uakseptabel risiko avdekt i ROS-analysen ikkje vart følt opp med risikoreduserande tiltak i føresegne til planen. Kommunedelplanen konkluderte derimot med at det bør etablerast gang- og sykkelveg langs riksvegen i området Garen – Fet på grunn av uakseptabel risiko for trafikkbelastninga på eksisterande vegnett. Tilfredsstillande løysing for mjuke trafikantar i det aktuelle området er ikkje gjort greie for i reguleringsplanframlegget. Fylkesmannen meiner difor at planframlegget stirr mot krava til planlegging i pbl. § 3-1 bokstav h om å førebygge risiko for tap av liv og skade på helse. Vi viser elles til uttale frå Statens vegvesen av 20.04.2017.*

*Eit anna motsegnspunkt var verknadene for nasjonale interesser som villrein, landskap, friluftsliv og naturmangfald. Desse tema er nærare vurderte i framlegget til reguleringsplan. Reguleringsplanen er såleis tydeleg på at utbyggingsområdet og alpinområdet utfordrar regional plan for Hardangervidda med lokalisering innanfor sone C (randområde villrein) og med grense til sone B (nasjonalt villreinområde). Når det gjeld spørsmålet om kva påverknad utbygginga vil ha for villreinen, viser planen til usikre kriteria for fastsetting av villreingrensa i rapporten til Norsk Villreinsenter Sør (NVS rapport 7/2010) om «Kartlegging av villreinens arealbruk på Hardangervidda». Etter vårt syn kjem planframlegget ikkje fram med ny kunnskap som eventuelt kunne erstatta/supplert utgreiingane frå 2010.*

*I følgje naturmangfaldsvurderinga er ein detaljreguleringsplan eit lite eigna verktøy for å vurdere samla belastning. Det vert vist til utgreiingane i kommunedelplanprosessen som opnar for bygging i området. Vi vil i så måte peike på at vi i kommunedelplanprosessen gjorde merksam på at resortområdet ligg i eit registrert våtmarksområde med særskilt høge miljø og landskapsverdiar, og at konsekvensutgreiinga ikkje har fanga det opp. Alpinanlegget og dei sørlegaste byggeområda vil elles strekke seg innanfor dagens INON-soner og føre til tap av inngrepssfri natur.»*

Motsegna til forslaget til reguleringsplan heng saman med og viser også samanhengen med utarbeidninga og motsegna til kommunedelplanen. Det viser kor viktig det er å få utgreidd og handsama kommunedelplanen først. Vi har gjentatte gonger gjort merksam på at motsegna til kommunedelplanen først må få ei løysing før ein tek endeleg stilling til reguleringsplanen. I alle tilfelle må kommunedelplanen vere såpass avklåra at det ligg føre endelege og heilsakplege plandokument, sjå ovanfor. Det er såleis klårt at reguleringsplanen ikkje er klår for mekling.

Det er overordna i både plan- og bygningslova og i dei nasjonale forventningane til kommunal planlegging at planavklaringar skal skje i dei overordna planane, der detaljane skal utgreiast vidare i reguleringsplan. Kommunen må då gjennomføre ein reell prosess og utgreiing for kommunedelplanen og deretter regulere vidare etter det som kjem fram i den overordna planen. I dette tilfelle synast planprosessane i beste fall å vere blanda.

Vi ønsker å ha avklart plandokumenta til kommunedelplanen, sjå ovanfor. Det er viktig for at vi kan komme vidare i den samla planprosessen for området. Det er det vi har etterspurt i telefonsamtaler med ordførar i kommunen. Men det er tydeleg at det er misforstått. Vi har i staden mottatt dokument til reguleringsplanen på nytt.

Vi gjer merksam på at vi ikkje er trygge på at kommunen har sendt til oss dei dokumenta til reguleringsplanen som kommunen har meint å sende. I kvar av dei to sendingane frå kommunen der ein ber om mekling, har kommunen sendt til oss ei intern utveksling av e-poster mellom sakshandsamar i

konsulentfirmaet og sakshandsamar i kommunen. Det er i tillegg sendt likelydande to gonger i kvar oversending. Vi har derimot ikkje fått oversendt noko dokument som viser om eller korleis dei politiske organ i kommunen har handsama planforslaget til reguleringsplan. Som nemnt ovanfor har vi heller ikkje mottatt det for forslaget til kommunedelplan. Vi er derfor heller ikkje sikker på om det er meininga til kommunen å sende dei dokumenta til oss. Men vi understrekar at det er viktig at vi får tilsendt dokument som viser den politiske handsaminga av både kommunedelplanen og reguleringsplanen.

### Avslutning

Fylkesmannen er sterkt kritisk til den kommunale planprosessen for desse planane. Det gjeld både sjølv prosessane, kvaliteten på arbeidet og samanblanding av kommunedelplan og reguleringsplan. Vi har allereie i uttalen vår av 28.04.2016 peika på det uheldige i at reguleringsplanane har vore styrande for kommuneplanlegginga i området. Kvaliteten i konsekvensutgreiinga i kommunedelplanen er ein del av motsegna vår. Vidare kan vi ikkje sjå at kommunen tidleg nok følgde merknadane og råda våre og vurderte motsegna, m.a. med tidlegare kontakt med Statens vegvesen. Det synest som om det har vore eit hastverk som har gått ut over kvaliteten og gitt meirarbeid. Dersom kommunen hadde gjort eit betre arbeid med kommunedelplanen og følgt råda våre, kunne den samla planprosessen ha vore betre og ein ville ha unngått etterfølgjande oppfølgings- og korreksjonsarbeid.

Fylkesmannen ber Eidfjord kommune om å rydde i det ovannemnde om kommunedelplan Sysendalen, gjere dei nødvendige vurderingane og deretter oversende plandokumenta i den stand som skildra. Ut frå det får vi sjå kva som står att av motsegn knytt til kva for geografiske område. Då vil vi også ha eit grunnlag for å vurdere reguleringsplanen nærrare. Det er eit arbeid som må gjerast før det er rom for mekling om reguleringsplanen. Vi må vite kva vi skal mekle om, og kva som er i samsvar med og kva det framleis er motsegn til i den overordna kommunedelplanen. Inntil vidare er det derfor ikkje sakleg grunnlag for eit meklingsmøte for nokon av planane.

Med helsing

Rune Fjeld  
ass. fylkesmann

Svein Kornerud  
fagdirektør

*Brevet er godkjent elektronisk og har derfor ingen underskrift.*

Kopi til:

Statens Vegvesen, Region Vest      Askedalen 4    6863    Leikanger  
Hordaland fylkeskommune              Postboks 7900      5020 Bergen